

Til foreldra i 5. -6. og 7.klasse. 19/20

Informasjon om organisering av neste skuleår for 5.-6. og 7.klasse.

Det har vore vanleg praksis ved skulen at 5. klasse har gått åleine og 6.og 7.klasse har gått i lag. Skuleåret 18/19 vurderte me det slik at den beste totalløysinga var at 7.klasse vart ein klasse og 5. og 6. klasse skulle gå i lag, då det berre var 3 elevar som skulle starta i 5.klasse. Dette skuleåret har 5.-6. og 7.klasse hatt 8 timar i lag kvar veke: musikk, arbeidsprogram-timar, gymnastikk samt 1 time fysisk aktivitet.

Austebygd skule har frå skuleåret 19/20 fått tildelt ressursar som tilsvarar 3 - delt skule (3 klassar) med ulike tillegg. Dette pga lågt elevtal ved skulen. Ressursane skal dekkja vanleg klasseromsundervisning, delingstimar, «tidleg innsats» (1.-4.klasse), spesialundervisning og norsk2 (norsk som andrespråk). Me har nøye vurdert korleis me skal disponera ressursane og kome fram til at den beste løysinga er at 5. 6. og 7. klasse går i lag, men med eigen kontaktlærer for 5. - 6.klasse og ein kontaktlærer for 7.klasse . Det vert berre 4 elevar i 5. klasse skuleåret 19/20.

Så langt me har planlagt for skuleåret 19/20 for 5.-6.-og 7. klasse vert det delingstimar i engelsk, matte og norsk samt timane i dei sosiale utviklingsprogramma «ART» og «Det er mitt val». Dei vil vera i lag i : temafaga (naturfag,samfunnsfag og KRLE)- med tilpasningar ut frå kompetansemåla til kvart trinn, arbeidstimar/veileda lesing, musikk, kunst og handverk, gymnastikk og fysisk aktivitet.

Håpar dette var oppklarande, dersom de ynskjer meir informasjon så kan de ringja på skulen til Birte, Linn eller Vigdis.

Med helsing

Vigdis Villanger

rektor